

# Referat frå FAU (foreldrerådet sitt arbeidsutvalg) – Årsmøtet.

**27.10.10**

*Frammøtte: Gunnlaug D.(1.kl), Nina N.(vara 1.kl), Kurt Ole J.(vara 2.kl), Marit K.(3.kl), Per G.C.(4.kl), Frode S.(5.kl), Jorid S.(5.kl), May H.(6.kl), Helene S.(6.kl), Anne G.B.P.(7.kl), Astrid G.(vara 8.kl), Åshild C.(8.kl), Wenche M.(9.kl), Oddveig T.(9.kl), Lillian G.(10.kl), Jane N.(10.kl).*

*Meldt forfall: Rektor, Veronica O.(1.kl), Anita S.H(2.kl), Olga T.(2kl), Tone L.S.(3.kl), Tone P.(4.kl), Mariann A. (7.kl), Mona B.(8.kl). Ken Tore L.(Styret).*

## **Del 1 – Årsmøte.**

Åpe for alle foreldre / foresette ved skulen + klassekontaktene.

### **Sak 1.**

**Årsberetning FAU forrige skuleår.** FAU hadde 2 allmøter som var for alle klassekontaktene. Styret hadde 2 møter, i tillegg enkelte møter med kommunen, med Samarbeidsutvalget og møter på dei 3 ulike trinna ved skulen. Småtrinnet hadde møter om adventsfesten, mellomtrinnet i samband med vinterarrangementet i Bjørkebakken, og ungdomstrinnet om fellesarrangement dei hadde planlagt. Det kom fram på møtet at det kan vere eit ønske om aktivitetar/temakvelder for foreldre.

### **Sak 2.**

**Regnskap.** Kr 3000,- står framleis urørt på konto. Diskusjon om kva pengane kan brukast til for elevane, og korleis få inn meir / ny kapital.? Dette blir teke opp ved seinare møte i FAU.

### **Sak 3.**

**Valg av 3 nye representantar til styret.** Valgkomiteèn har forslag til 3: Halfdan Sætherskar(nyvalg), John Bruvoll og Børre Ertzaas (forleøpig 1 år). Leiar spør om det er forslag til andre kandidatar, men det blir ikkje meldt om fleire slik at desse tre blir godkjende.

### **Sak 4.**

**Endring i vedtekter.** Gjeld samansetning av styret. Her har leiar eit forslag om å gjere FAU sterkare med mål om eit breiare engasjement. Det nye er at ein av leiar på småtrinnet, leiar av mellomtrinnet og leiar av ungdomstrinnet, skal sitte 1 år i styret for FAU, som eit direkte bindeledd mellom klassene og FAU.

Leiar informerte om at Samarbeidsutvalet er skulen sitt høgste organ og at FAU stiller med 2 representantar i desse møtane, og har ei sterk påvirkning. Elevane er også representert i Samarbeidsutvalet. Randi Lillegård er kommunen sin representant.

Frå ein forelder kom eit ønske om at leiar informerte klassekontaktene om at skulen har ei opplæringslov, §9a(omhandlar elevanes arbeidsmiljø) , og spør om leiar kan redegjøre for innhaldet i denne paragrafen?? Leiar informerte at denne paragrafen er informert om i nyheitsbrev frå skulen. Denne paragrafen går på eleven sitt arbeidsmiljø. Den skal sørge for å

ivareta eleven sin tryggleik og interesser. Dette betyr at når eleven eller foreldra varslar skulen om mobbing / trakassering eller andre saker som evt. går på trivsel, så plikter skulen å undersøke dette. Dersom dei føresette ønsker det, SKAL skulen fatte eit vedtak og saman med dei føresette utforme ein plan med strategiar for å løyse situasjonen. Dette skal gjerast skriftleg. Om situasjonen ikkje lar seg løyse innan minnelig tid har dei føresette klagerett i første omgang til leiinga ved skulen. Kjem ein ikkje vidare der kan ein klage til Fylkesmannen.

## **Del 2. FAU-allmøte.**

Berre for alle 20 klassekontaktane for dette skuleåret, styret og rektor

### **Sak 1,**

**Møteleiar:** Tanja Skjervheim. Referent: Synnøve Nupen.

### **Sak 2,**

**Grip vi "stafett-pinnen" etter Begeistringsgruppa som no er avvikla?** Denne gruppa satt i 2 år og fekk skryt frå salen for utallige arrangement, mellom anna: Nissefesten i 2008 og arrangementet i Båthavna 2009. I den forbindelse snakka leiar positivt om at alle vi foreldre er ei gruppe med mangfoldige og store ressurser, som vi kan bruke meir? Vi er alle ressurspersonar – som kan brukast i ulike høve. Vi kastar ballen vidare til trinna for å sjå på muligheita til å utnytte ressursane vi har?

### **Sak 3,**

**Deling og jobbing på trinn. Småtrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn.** Sjå på muligheita for eit felles foreldrestyrt arr. i løpet av året samt val av trinnleiar for dette skuleåret. Vi hadde ein trinnvis diskusjon om eit mulig foreldrestyrt arrangement og det vart valgt 3 trinnleiarar: Småtrinnet – Marit K., mellomtrinnet – Halfdan S., ungdomstrinnet – Åshild C. Desse blir som nevnt bindeledd mellom FAU og trinn-teamet, og sitt 1 år i styret til FAU.

Diskusjon om å skape eit arrangement, før utgangen av Mars 2011, der småtrinnet tek opp tråden frå i fjor og lagar ein førjulsfest – ein "nissefest". Det vert eit foreldrestyrt skodespel og grautservering, og kanskje kler ungane og dei vaksne seg ut som nissar? Dato 24. November. 2010.

Mellomtrinnet diskuterte mellom anna karneval, men tek opp tråden vidare. Ung.trinnet diskuterte ein spillkveld med mellom anna fotballturnering mellom foresette og elevar i kostymer til våren? Trinnvis skal vi avtale vidare møter. Leiar tipsa oss om å tenke *enkelt, positivt og på aldersgruppa til elevane.*

### **Sak 4,**

**Diskusjon om tradisjonell klasseset i ungdomskulen.** Leiar informerte om at innan utgangen av mars 2011 har klassekontaktene ansvaret for å ta opp temaet for ein brei diskusjon i klassa dei representerer. Stikkord for diskusjon kan vere:

- krav til pædagogisk innhald på turen?
- ikkje tradisjon for lærarane å vere med – kva ønsker vi?

- krav om at turen frå skulen si side settast inn i ei større pedagogisk ramme?
- må vi reise akkurat dit (hvite busser)?
- evt. alternativ?
- små elev-og foreldregrupper, store arrangement å bære på få – evt. fleire klassar arrangere i lag?
- fellessparing/eiga sparing?
- tilflyttar/utflyttar– kva då?

#### **Sak 5,**

**Eventuelt.** Fleire store og viktige saker er meldt til leiar og desse blir teke opp på neste styremøte. Stikkord er: verdig ramme rundt 10.klasse si skuleavslutning, skuletur i ungdomskulen, utflukter(krav om ped.innhald) og problematikken rundt riktig veiledning ift. vidare utdanning /yrkesveiledning – skulen si viktige rolle ift. dette.

Leiar informerer om at den vedtekne renoveringa av Elvetun skole, etter planen skal starte våren 2011. Budsjettet til ca kr 8 mill. kroner.

Leiar informerer etter spørsmål fra salen om at alle skular ska ha eit miljøutval. Det har ikkje Elvetun skule hatt. Rektor har ansvar for å opprette dette. Her skal dei foresette og elevane vere i fleirtal. Vi skal i styret vele representanter til dette utvalet.

Møtet slutt kl. 20.00

Referent Synnøve Nupen